

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 15.09.2023
SAKSHANDSAMAR: Stian Sægrov
SAKA GJELD: **Evaluering prehospital plan**

ARKIVSAK: 2021/4625

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
21.09.2023

STYRESAK:
056/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret konstaterer at Helse Førde leverer gode og forsvarlege prehospital tenester i samsvar med prehospital plan.
2. Administrerende direktør blir bedt om å legge fram neste evaluering våren 2024.

Oppsummering

Helse Førde har sett i verk og gjort seg erfaringar med endringane som vart vedtekne i prehospital tenester for ytre Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn. Tenestene som vert leverte har god kvalitet, og det er godt samarbeid med kommunar og andre aktørar i dei prehospitala tenestene. Evalueringa byggjer vidare på evaluering som vart lagt fram etter første halvår, i januar 2023.

Fakta

Arbeidet med prehospital plan i Helse Førde starta i 2017, og vart vedteken i januar 2020 med nokre område som skulle utgreiast vidare. Det omfatta Lavik (i praksis Dalsfjorden og Ytre Sogn), Hornindal/Volda (i praksis indre Nordfjord) og Ytre Bremanger (i praksis Bremanger og delar av Kinn kommunar).

Dei nye utgreiingane vart lagt fram for styret i Helse Førde i november 2021, og det vart gjort slikt vedtak:

Styret viser til bestilling gitt til administrerende direktør då styresak 007/2020 vart handsama i januar 2020, og gjer følgjande vedtak:

1. *Ambulansestasjonen i Lavik blir oppretthalden. Den eine døgnbilen i Fjaler vert gjort om til dagbil. Endringa skal gjennomførast i dialog med kommunane.*

Endringa inneber m.a:

- *Spesialbygd hurtiggående katamaran med ambulansemedarbeidar og maritimt personell med medisinsk kompetanse til å vere personell nummer 2 i ambulansebil*
ok
- *Ein døgnbil og ein dagbil stasjonert i Dale 13/2*
- *Kvit bil til å avlaste transportoppdrag og dermed frigjere beredskap i området.*
- *Beredskapsbil i Askvoll, på Atløy og Værlandet*
- *Bruk av beredskapsferje ved behov frå Askvoll til Atløy.*
- *Bruk av flåtestyring av bilar og båtar ved behov.*
- *Ved varsel om ekstremvær eller andre ekstraordinære forhold vil eitt eller fleire tiltak vere aktuelle: Ta kontakt med kommunen i høve tilpasningar i den akuttmedisinske kjeda, vurdere å omgjere dagbil i Dale til døgnbil, vurdere å auke beredskap ambulansebåt frå to til tre båtar.*

2. *Helse Førde skal medverke til å utvikle samarbeidet med kommunane Høyanger, Fjaler, Hyllestad og Askvoll og dei andre aktørane i den akuttmedisinske kjeda, inklusiv medverke til utvikling av akutthjelparordninga i samarbeid med kommunane.*

3. *Dei primære ressursane for å dekke behovet for prehospitale tenester i Ytre Bremanger skal vere ambulansébåt frå Florø og ambulansebil frå Svelgen. Endringa skal gjennomførast i dialog med Bremanger kommune.*

Endringa inneber m.a:

- *Spesialbygd hurtiggåande katamaran med ambulansemedarbeidar og maritimt personell med medisinsk kompetanse til å vere personell nummer 2 i ambulansebil*
- *Beredskapsbil i området Kalvåg/Smørhamn og beredskapsbil i området Leirgulen/Rugsund*
- *Døgnbemanna ambulansebil i Svelgen, og der vaktskiftet som hovudregel skal skje i Svelgen (ikkje Florø)*
- *Bruk av flåtestyring av bilar og båtar ved behov.*
- *Kvit bil til å avlaste transportoppdrag og dermed frigjere beredskap i området.*
- *Ved varsel om ekstremvær eller andre ekstraordinære forhold vil eitt eller fleire tiltak vere aktuelle: Ta kontakt med kommunen i høve tilpassingar i den akuttmedisinske kjeda, vurdere å bemanne beredskapsbil i Ytre Bremanger, vurdere å flåtestyre ambulanse til Ytre Bremanger, vurdere å auke beredskap ambulansébåt frå to til tre båtar, vurdere å midlertidig flytte ambulansébåt frå Florø til Bremanger*
- *Helse Førde skal medverke til å utvikle samarbeidet med Bremanger kommune og dei andre aktørane i den akuttmedisinske kjeda, inklusiv medverke til utvikling av akutthjelparordninga i samarbeid med kommunen.*

4. *Endringane knytt til stasjonane i Fjaler og Ytre Bremanger skal ikkje gjennomførast før dei nye ambulansébåtane er i full operativ drift.*

5. *Administrerende direktør skal dei første to åra etter endring i tenestene gjennomføre halvårleg evaluering av utviklinga av tenestetilbodet, i dialog med kommunane. Evalueringa skal gjerast med utgangspunkt i risikovurderingane for Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn, med særleg vekt på responstid og tilpassingar i uvér, og administrerende direktør sine vurderingar i denne saksutgreiinga. Evalueringane skal leggjast fram for styret.*

6. *Samanslåinga av Hornindal og Volda får ingen konsekvensar for dei prehospitale tenestene i Nordfjord. Forslaget som låg til grunn etter fase 2 for prehospital plan kan gjennomførast.*

7. *Administrerende direktør skal orientere styret om framdrift i arbeidet med innføring av prehospital plan, og endringar i nasjonale føringar for tenestene.*

Prosjektgruppa for fase 3 av prehospital plan gjennomførte sju møte og avslutta arbeidet 8. november 2022.

I samsvar med punkt 5 og 7 i vedtaket leverte administrerende direktør si første tilbakemelding til styret 26. januar 2023.

Noverande løypemelding fylgjer same oppbygging som i førre tilbakemelding. Styret i Helse Førde fekk i samband med styreseminar i Florø 11. mai 2023 omvising på ambulanserbåten «Roseflora» og redningshelikopterbasen.

Dalsfjorden og Ytre Sogn

Dei to båtane i Solund og Askvoll vart erstatta med ny båtambulansedrift i Solund, som frå 1. mai 2022 har dekkja oppdrag både i Solund og øyane i Askvoll. Den nye ambulanserbåten «Rosesol» vart sett i drift 10. mai og har akuttmedisinsk kompetanse som på ordinære ambulanserbilar. Beredskapsferje mellom Askvoll og Atløy for helseoppdrag var på plass 1. mai 2022.

Ambulansestasjonen i Dale har hatt to bilambulansar i døgndrift. I samsvar med vedtaket vart dette endra til ein døgn- og ein dagbil alle dagar frå 13. februar 2023. Døgnambulans i Lavik har fått kasernevakt alle dagar, og er organisert som ein satellittstasjon underlagt Fjaler som hovudstasjon. Fjaler ambulansestasjon flytta inn i nye lokale i beredskapsbygget i Dale i desember 2022. Beredskapsbilar er plasserte ut i Askvoll, på Atløy og Værlandet. Beredskapsbilen i Askvoll har ikkje vore nytta til oppdrag i denne perioden.

Bilar og båtar vert flåtestyrte ved behov og kvit bil avlastar transportoppdrag for å frigjere beredskap i området.

Ordninga fungerer i tråd med intensjonane i tidlegare vedtak. Båtambulansetilbodet leverer i tråd med driftsavtale, og ekstraferje for Atløy fungerer som eit godt avbøtande tiltak.

Det første evalueringsmøtet med Askvoll kommune vart gjennomført 20. desember 2022. Det vart gjennomført synfaring på kaiar og landingsplass for ambulanserbåt på øyane i Askvoll 28. mars. Askvoll kommune var invitert til å delta. Bulandet og Værlandet grendelag deltok på synfaringa.

Etter endringane som tok til å gjelde i 2023 vart kommunane Solund, Høyanger, Hyllestad og Fjaler inviterte med i halvårleg evalueringsmøte no etter sommaren. Dette møtet vart gjennomført 31. august. Referat frå møte ligg ved.

Tilbakemeldingar etter endringane

Ambulansetenesta har fått svært få skriftlege tilbakemeldingar etter endringane som er gjennomførte i området. Det er ikkje motteke klager i denne evalueringsperioden. Askvoll kommune har gjeve tilbakemelding på at tilbodet er som førespegla, men er framleis uroa over konsekvensane no når endringane på stasjonen i Dale er sette i verk. I møte med kommunane gir ein inntrykk av at endringane har gått seg til, og at det er få tilbakemeldingar.

Forhold i risikoanalysen for endringane i Dalsfjorden og Ytre Sogn

Saman med utgreiingar og styresak vart det lagt fram risikovurderingar knytt til dei føreslegne endringane i Dalsfjorden og Ytre Sogn. Tabellen under tek utgangspunkt i risikovurderinga i 2021, og er oppdaterte per august 2023.

Risikoområde	Status og kommentarar per august 2023
Responstid	<p>Kartlegginga viser utvikling av responstid per kommune. For 2023 er tala til og med 17. august. I 2023 er data henta frå Bliksund EWA (elektronisk ambulansejournal) mot Ambustat tidlegare.</p> <p>Askvoll: snitt 31,6 min (2023), snitt 25 min (2022), 28 min (2021)</p> <p>Solund: snitt 30,4 min (2023), snitt 16 min (2022), 21 min (2021)</p> <p>Høyanger: snitt 15,5 min (2023), snitt 15,2 min (2022), 16 min (2021)</p> <p>Fjaler: snitt 16,8 min (2023), snitt 17,23 min (2022), 19 min (2021)</p> <p>Hyllestad: snitt 30,2 min (2023), snitt 30 min (2022), 33 min (2021)</p> <p>For Hyllestad, Høyanger og Fjaler er responstidene godt stabile og uendra samanlikna med i 2022. Talgrunnlaga er små og variasjonar vil lettare kunne oppstå. I møte har kommunane fått illustrert korleis ambulansetenesta jobbar for å kvalitetssikre eigne talgrunnlag opp mot kva ressursar som har utført oppdraga. Mellom anna for å identifisere feilkjelder eller feilføringar.</p> <p>For kommunane Solund og Askvoll har responstida auka i 2023. Dette har truleg samanheng med at ny journalløysing tel med alle oppdrag, også ambulansebåt-oppdrag som i nasjonale statistikkar er haldne utanom. For Askvoll vil beredskapsferje med bilambulanse til Atløy gje noko lenger responstid enn tidlegare bruk av båtambulanse i Askvoll. Tidsbruk for oppdrag på fastlandet i Askvoll er som før.</p>
Samtidskonfliktar	<p>Det føreligg ikkje eigne rapportar og uttrekk på samtidskonfliktar. Sett i forhold til responstid er det ikkje grunnlag for å sjå at det har vore noko omfang av samtidskonfliktar etter endringane.</p> <p>Personellet ved stasjonane vert spurde om dei har opplevd omfang av samstundeskonfliktar.</p>
Infrastruktur	<p>Det har ikkje vore situasjonar som har utfordra veg og anna infrastruktur. Det har vore kortvarige rasstengingar på fylkesveg (Fv) 609 Heilevang – Hestvik i Askvoll kommune, utan at dette har medført beredskapsmessige tiltak.</p> <p>Vestland fylkeskommune har starta utbetring av Fv57 Nistadlia-Holmelid med stengeregime på nokre timar på dagtid. Dette har ikkje skapt utfordringar ut over det vi elles er vane med i tilsvarande anleggsarbeid på andre vegsamband.</p>
Ekstremvêr	<p>Det har ikkje vore vêrforhold som har medført behov for å setje i verk ekstraordinære tiltak, eller som har hindra fartøya i å gjennomføre oppdrag. Under uvêret «Hans» vart operatøren førehandsvarsla om at</p>

	<p>Helse Førde hadde auka beredskap og fortløpande vurderte behov for styrka beredskap.</p> <p>Det er mannskapslugar på båtane slik at dei kan flåtestyrast etter behov og vêrtilhøve. Driftsavtalen opnar for å rekvirere reservebåten som tredje fartøy i ekstraordinære situasjonar.</p>
Storulykker	<p>Det er ingen bedrifter i Solund, Fjaler og Askvoll som kjem under storulukke-forskrifta. (Høyanger er halden utanfor, i og med at det ikkje er gjennomført endringar i ressursane i kommunen)</p>
Kompetent personell	<p>Det er høg grad av kompetent personell ved dei ulike stasjonane. Moderne stasjonsfasilitetar i Dale og rotasjonsordning mellom Lavik og Fjaler sikrar gode fysiske arbeidslokale, og vil medverke til å gjere det attraktivt å jobbe på stasjonar med god aktivitet. Rotasjonsordning sikrar jamn oppdragsfordeling.</p> <p>Summen av faglege tiltak med høg kurs- og øvingsaktivitet i tenesta bidrar til høgare kompetanse, og meir føreseielege tenester.</p> <p>I oppstarten har det vore høg aktivitet på trening og fagdag for tilsette i båtambulansetenesta i Solund.</p>
Medarbeidarkvalitet	<p>Personellet i Lavik var gjennom omorganisering, og frå 13. februar 2023 vart dei del av rotasjonsordning på ambulansane i Dale og Lavik. Ambulansetenesta flytta inn i ny ambulansestasjon i desember 22.</p> <p>Det er pågåande prosess i Lavik knytt til evaluering av anbod på ny stasjon.</p> <p>GulenSkyss tok i bruk ny stasjon på Hardbakke 1. juni 2023 for ambulansearbeidar og maritim besetning. Stasjonen stettar nasjonale krav frå Arbeidstilsynet.</p> <p>Helse Førde og GulenSkyss har regelmessige møte for å sikre godt samarbeid og oppfølging av kontraktsmessige tilhøve.</p>
Medverknad frå andre aktørar i den akuttmedisinske kjeda	<p>Ambulansebåten i Solund trenar regelmessig med redningshelikopter-tenesta i Florø, og har utvikla gode prosedyrar og retningslinjer for samvirke og m.a. vinsje-operasjonar.</p> <p>Det er godt samarbeid med andre naudetatar. M.a. var det øving 03.05.2023 på Hardbakke i Solund. Frå Solund kommune er det meldt tilbake god samhandling mellom kommunal helseteneste og personellet i ambulansetenesta.</p>

Endringa i ambulansetilbodet i Bremanger vart utsett med ein måned fordi ny ambulansebåt var forseinka frå verft. Reservebåten vart sett i drift 10. mai 2022, og frå 1. juni vart døgnambulansen i Svelgen primærressurs i Bremanger. Den nye ambulansebåten, «Roseflora», vart sett i drift frå 1. september.

Den nye båtambulansen har same akuttmedisinsk kompetanse som bilambulansane og handterer primært oppdrag i Florabassenget og Bremangerøya.

Vaktskifte for ambulansebil i Svelgen skjer no i Svelgen og ikkje lenger i Florø. Dette har vist seg å fungere godt i praksis. Dersom vegen mellom Florø og Svelgen har vore stengt, har ambulansebåten vorte nytta ved vaktskifte.

Det er utplassert ambulansebil i Kalvåg for å kunne handtere oppdrag på Bremangerøya. Det er òg utplassert beredskapsbil på fastlandet i Bremanger (Leirgulen), men den har ikkje vore nytta i perioden. Ambulansetenesta vurderte å flytte denne bilen til Berle. Etter eitt år utan bruk på oppdrag, lanserte ein i sist møte med kommunen å vurdere å flytte bilen til Svelgen med avtale om forflytting til Leirgulen ved behov. Beredskapsbilen kan utgjere ein vel så god nytte og beredskap ved å stå i Svelgen. Tidsmessig vil vi kunne få bilen til Leirgulen før båt er framme, samt at tilsyn vert lettare å ivareta. Argumentasjon og vurderingane møtte ikkje motbør, og det er avtalt vidare dialog. Partane er samde om viktigheita av god informasjon, om ei slik justering blir aktuelt.

Bilar og båtar vert flåtestyrte ved behov og kvit bil avlastar transportoppdrag for å frigjere beredskap i området.

Ambulansebåten har hatt ein oppdragsauke som ligg over estimert aktivitet, på rundt 25-30 oppdrag i månaden. Over halvparten av desse oppdraga er knytt til Bremanger kommune som våren 2022 inngjekk samarbeid med legevakt i Kinn (Florø). For enkelte pasientar i Ytre Bremanger er båt-transport til Florø vesentleg kortare i avstand og tid, samt ei meir skånsam reise.

Det vart gjennomført halvårleg evalueringssmøte med Bremanger kommune 12. september. Florø legevakt deltok også. Gjennom eit døgn i mars måned bemanna vi ekstra ambulansebil i Ytre Bremanger under ein storm, dette i fall vêret skulle hindre fartøy i å gjennomføre oppdrag. Både kommunen og Florø legevakt gjev uttrykk for at Helse Førde i praksis her viste å gjennomføre tiltak i tråd med skissert risikovurdering. Dette har òg gitt innbyggjarane auka tiltru til løysinga.

Når det gjeld utvikling av samarbeidet med kommunen og andre aktørar i den akuttmedisinske kjeda, har Bremanger kommune etablert akutthjelparordning ved fleire av sine lokale brannstasjonar, til dømes Kalvåg, Hauge, Berle, Davik og Svelgen. Kommunen har sjukepleier i Svelgen som legevakt-satellitt når legekontora i kommunen er stengde. Dette er eit lokalt tilbod som samarbeider tett med vaktlege i Florø, m.a. med bruk av videostudio.

Tilbakemeldingar etter endringane

Det er ikkje mottatt klager sidan førre rapportering på organisering av tilbodet.

Bremanger kommune opplever at ordninga fungerer i samsvar med skisserte endringar. Administrasjonen høyrer lite om ordninga og tolkar dette som at misnøyen har stilna. Kommunen har ytra ønske om å gjennomføre ei brukarundersøking for den samla akuttmedisinske tenesta i kommunen, inklusive legevakt.

Florø legevakt i Kinn kommune opplever at ordninga fungerer godt.

Forhold i risikoanalysen for endringane i Bremanger og Kinn

Saman med utgreiingar og styresak vart det lagt fram risikovurderingar knytt til dei føreslegne endringane i Bremanger og Kinn. Tabellen under tek utgangspunkt i risikovurderinga i 2021, og er oppdatert per august 2023.

Risikoområde	Status og kommentarar per august 2023
Responstid	<p>Responstider blir henta frå elektronisk ambulansejournal Bliksund EWA etter 1.1.2023. Det er ikkje lenger høve til å hente ut responstider ned på tettstadar/grender som i tidlegare Ambustat.</p> <p>For Bremanger kommune har det samla i perioden 01.01.-17.08 vore 95 akuttoppdrag. Responstid i snitt har vore 28,5 (24,3) minutt og 30 (20,3) minutt i mediantid. 90-percentil var 49,4 (49) minutt. Tal for 2022 i parentes. Endringa trådde i kraft 01.06.2022.</p>

	<p>Ambulansebåten hadde i perioden 01.01-17.08 31 akuttoppdrag i Bremanger, med responstid på snitt 39,2 minutt og median 37 minutt. 90-percentil var 54,8 minutt. Dette er oppdrag på Bremangerøya og tid frå AMK vart varsla og til ressursen var framme hjå pasient.</p> <p>For oppdrag på Bremangerøya var det i styresaka førespegla at responstider ville auke med omlag 25 minutt for omlag 50 oppdrag årleg, dei fleste på Kalvåg og Hauge.</p> <p>Ambulanse i Svelgen hadde i perioden 01.01-17.08 56 akuttoppdrag i Bremanger, med responstid på snitt 19,7 minutt og median 11,5 minutt. 90-percentil var 41 minutt.</p>
Samtidskonfliktar	<p>Ambulansebil i Svelgen har hatt redusert oppdragsmengde mot før omlegginga. Det var forventa aktivitetsauke. Av belastningsoversikt og responstid legg vi til grunn at det i liten grad førekjem samtidskonfliktar, då bilen er ledig for oppdrag i kring 90 prosent av samla beredskapstid.</p>
Infrastruktur	<p>I perioden har det ikkje vore situasjonar som har utfordra veg og anna infrastruktur i vesentleg grad.</p>
Ekstremvêr	<p>Det har ikkje vore vêrforhold som har medført behov for ekstraordinære tiltak, eller som har hindra fartøyet i å gjennomføre oppdrag.</p> <p>Det er mannskapslugar på båtane slik at dei kan flåtestyrast etter behov og vêrtilhøve. Driftsavtalen opnar for å rekvirere reservebåten som tredje fartøy i ekstraordinære situasjonar.</p> <p>Over eitt døgn den 8.-9. mars 2023 bemanna Helse Førde ambulansebil i Ytre Bremanger som eit preventivt tiltak i samband med varsla uvær.</p> <p>Under kystfestivalen i Kalvåg flytta ein ambulansebåten frå Florø til Kalvåg heile helga, og mannskapet innkvarterte seg på båten. Tilbakemeldingane var gode både frå lokalbefolkninga og eigne tilsette.</p>
Storulukker	<p>Elkem i Svelgen kjem under storulukke-forskrifta. Ingen ulukker i perioden. Helse Førde er invitert til å delta på samvirkeøving i november.</p>
Kompetent personell	<p>Det er høg grad av kompetent personell ute på stasjonane. Rotasjonsordning mellom Florø og Svelgen medverkar til jamn oppdragsfordeling. Fleirtalet av tilsette i Florø går vakter på ambulansebåten.</p>

	<p>Summen av faglege tiltak med høg kurs og øvingsaktivitet i tenesta bidrar til høgare kompetanse, og meir føreseielege tenester.</p> <p>I startfasen har det vore høg aktivitet på trening og navigasjonsøving for ambulansesbåt.</p>
Medarbeidarkvalitet	<p>Personellet i Ytre Bremanger var gjennom omorganisering og er blitt del av rotasjonsordning på ambulansane i Florø og Svelgen, i tillegg til båtambulansse. Rotasjonsordning på båt har for mange vore ei spennande og ny utfordring.</p> <p>Helse Førde og GulenSkyss har regelmessig møte for å sikre godt samarbeid og oppfølging av kontraktsmessige tilhøve.</p>
Medverknad frå andre aktørar i den akuttmedisinske kjeda	<p>Det er akutthjelpargrupper gjennom kommunal brann og redning i Kalvåg, Hauge, Berle, Davik og Svelgen. Sjukepleiar i legevaktsatellitt i Svelgen er eit tiltak for eit meir lokalt legevaktstilbod i Svelgen opp mot lege i vakt i Florø.</p> <p>Ambulansebåten i Florø trenar regelmessig med redningshelikopter-tenesta i Florø og har utvikla gode prosedyrar og retningslinjer for samvirke og m.a. vinsje-operasjonar. Det er òg eit tett samarbeid med Redningsselskapet lokalisert på same kai.</p>

Andre forhold knytt til endringane i Dalsfjorden Ytre Sogn og Bremanger/Kinn

Kvit bil

Oversikt over bruken av kvit bil viser at denne har utført oppdrag både i Bremanger, Kinn, Askvoll og Fjaler, i tillegg til hovudtyngda av oppdrag i Sunnfjord. Ressursen har i tråd med intensjonen avlasta akutt-ambulansar for oppdrag på dagtid, noko som har styrka lokal beredskap. Frå 1. januar 2023 er kvit bil organisert under AMK i Helse Førde og blir styrt derifrå. Ordninga har gått frå å vere prøveperiode til permanent drift. Opningstida er utvida med to timar slik at ressursen kan rekke fleire oppdrag og få høgare utnyttingsgrad.

Ambulansebåtar

Ambulansebåtane har vore i drift i snart halvanna år og har fungert etter intensjonane. Både opplæring på fartøy og operasjonsområde dei skulle gå i, var nytt for operatørselskapet. Alle oppdrag er utført, og fartøya har vore prøvd under kraftige påkjenningar i dette havområdet. Fartøya har nyleg fått utvida passasjersertifikat og kapasitetar for å kunne operere under meir krevjande bølgeforhold.

Aktiviteten på båt er som venta i Solund, og høgare enn estimert i Florø. Dette heng saman med endra legevaktorganisering i Bremanger som inngår i legevakt i Florø på kveld, natt og helg. I tillegg er det høgare forbruk av båtoppdrag i Kinn kommune.

Bruk av luftambulansetenesta og redningstenesta

Det er ikkje henta ut talgrunnlag frå luftambulansetenesta, då dette er svært krevjande og manuelt arbeid ned på kommunenivå. I dialog med kommunane har vi blitt samde om kva type aktivitet/statistikk som er ønskeleg å få belyst. Det vil bli gjort forsøk på å hente ut og framstille dette. Det er likevel inntrykk av at luftambulansetenesta blir kalla ut og gjennomfører mange oppdrag i situasjonar der tilstanden er alvorleg. Luftambulanse reduserer reisetid til sjukehus for dei som er busett i utkantar, langt frå sjukehus.

Båtambulanse og redningshelikoptertenesta har etablert eit tett samarbeid og øver på samhandling og samvirke med kapasitet for heiseoperasjonar mellom båt og helikopter, samt redning frå sjø. Slikt samarbeid har og blitt gjennomført under reelle redningsaksjoner.

Andre forhold

Samarbeid med kommunar

Ambulansetenesta gjennomførte i februar tre fagmøte for fastlegar og vaktlegar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn med temaet akuttmedisin. Samla møte om lag 50 legar, og det er ønska eit tilsvarende fagmøte med årleg intervall.

Statsforvaltaren har utløynt opsjon for halvårlege kurs i akuttmedisin for LIS1-legar. Helse Førde er kursarrangør og tilbyr også halvårleg kurs i akuttmedisin for fastlegar / legevakslegar. I tillegg tilbyr Helse Førde nødnettkurs til kommunane.

Ambulansetenesta inviterer kommunane til samvirkeøvingar og det skjer også samtrening lokalt etter modell av kommune-BEST (betre og systematisk teamtrening).

Nasjonale krav og retningslinjer, forskrift

Helsedirektoratet har svart ut oppdraget frå Helse- og omsorgsdepartementet knytt til å vurdere forskriftsfesting av responstid og å sette ein standard for kompetanse og utstyr.

Regjeringa skal legge fram ei stortingsmelding om det prehospitale området. Helse- og omsorgsdepartementet har i tilleggsdokument til oppdragsdokumentet bedt dei regionale helseføretaka om innspel til meldinga innan utgangen av 20. desember. Helse Førde bidrar med ressurser inn i dette arbeidet.

I dokumentet heiter det:

Innspill bør peke på hovedutfordringene i den akuttmedisinske kjeden og hvordan et godt tjenestetilbud med kort responstid kan opprettholdes. Det bes i tillegg om at innspill belyser følgende:

- *Hvordan helse- og omsorgstjenesten kan få til bedre samhandling mellom sykehus og kommune om akuttmedisinsk beredskap og ressursutnyttelse, herunder muligheter for bedre/ mer samarbeid mellom legevakt, KAD/ØHD, ambulansetjenesten og akuttmottakene*
- *Gode parametere for aktivitet og drift i akuttmottak som kan breddes ut nasjonalt (jf. Nasjonal faglige retningslinje for somatiske akuttmottak)*
- *En vurdering av hvordan høy grad av beredskapstid i ambulansetjenesten kan brukes mest mulig effektivt ved å legge til rette for at ambulanspersonellet kan gjøre oppgaver for den kommunale helse- og omsorgstjenesten.*

Kviletidsreglar

Ambulansetjenesta har kviletidsreglar for tilsette i bilambulansetjenesta ved høg aktivitet. Det same gjeld for båtambulans og maritimt mannskap. Det er utarbeidd retningslinjer som skal sikre at vi har kapasitet til å gjennomføre oppdrag og sikre nødvendig kvile gjennom døgn.

Stenging av Lærdalstunnelen

Statens vegvesen har bestemt seg for å kvelds- og nattstenge Lærdalstunnelen frå kl. 18.00-06.00 i samband med oppgradering av tunnelen frå 2025 og i ein periode på fire til fem år. I stengeperiodar knytt til sprengingsarbeid, truleg inntil to år, kan ikkje utrykkingskøyretøy passere i stengd tunnel. Helse Førde vil gjennomføre ei beredskapsanalyse og måtte vurdere behov for tiltak i Aurland og elles i Sogn i denne perioden. Ei stenging vil òg få store konsekvensar for drifta ved Lærdal sjukehus. Helse Førde har utarbeidd ei konsekvensutgreiing, og må i nærare dialog med Statens vegvesen om detaljar for drift og beredskap. Statens vegvesen har signalisert at arbeidet kan komme til å starte i 2025.

Legevaktsatellitt

Legevaktspiloten i Sogn og Fjordane som har involvert fleire av kommunane i SYS IKL, er avslutta. Enkelte av kommunane har avslutta ordninga.

Kommentarar

Arbeidet med prehospital plan var eit omfattande arbeid som gjekk frå 2017 til 2021. Sjølv planen vart vedteken i 2020 og styret er orientert om gjennomføring av dei ulike tiltaka. Som i førre evaluering, viser denne gjennomgangen at planane som vart tenkt og er sette i verk, fungerer som planlagt.

Det er få negative tilbakemeldingar både til Helse Førde og dei aktuelle kommunane. Lest ut av aktiviteten, har ikkje omlegginga gitt omkringliggande ressursar noko merkbar auka belastning. Erfaringane med ny modell i dei to områda; Dalsfjorden/Ytre Sogn og Ytre Bremanger, er at dette har gått seg bra til. Det er ikkje registrert avvik som handlar om korleis tenestetilbodet er organisert. Ordinære samhandlingsavvik mellom Helse Førde og kommunane blir handtert i tråd med føringane i delavtale om akuttmedisinsk kjede.

Helse Førde og GulenSkyss har gjennomført open båt både på Iglandsvik og Kalvåg i Bremanger. I fjor var det tilsvarande på mange av dei andre øyane langs kysten. Fartøya samarbeider dagleg tett med andre nødetatar og har blitt nytta både under brannutrykkingar og enkelte SAR-oppdrag (søk og redning). Skepsisen til om fartøya ville fungere i krevjande vær- og oppdragssituasjonar har stilna i takt med at oppdrag har blitt utført.

Som varsla har responstidene for nokre område i Ytre Bremanger auka etter omlegginga. Utviklinga i responstider og belastning på ressursane er del av det vi evaluerer med kommunane. Omlegging til nytt journalsystem har endra rapport-funksjonane og er i test-modus. Kommunane har fått illustrert korleis Helse Førde jobbar for å identifisere endring i trend og utvikling i verksemdsdata. Vi opplever at kommunane har tillit til tala som blir presenterte.

Askvoll var i sist evaluering uroa for følgjene på kveld og natt når den eine døgnbilen på stasjonen i Fjaler skulle gjerast om til dagbil i februar. Erfaringane av omlegginga har til no vist at ordninga har fungert som tenkt. Vi følgjer denne utviklinga vidare i dei komande evalueringane.

Omleggingane i dei to områda skapte ein god del uro hos innbyggjarane før saka vart handsama av styret. Administrerande direktør er svært nøgd med gjennomføring av vedtaket, og den gode kommunikasjonen som har vore med kommunane i etterkant og den pågåande evalueringa.

Konklusjon

Innbyggjarane i Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn får gode prehospitala tenester også etter omleggingane.

Vedlegg:

1. Referat Halvårleg evaluering av utviklinga av tilbodet innan dei prehospitala tenestene i Askvoll
2. Referat Halvårleg evaluering av utviklinga av tilbodet innan dei prehospitala tenestene i Bremanger
3. Vedlegg aktivitetsoversikt ambulansebåt og ekstraferje

Tal oppdrag ambulansébåt og ekstraferje

Aktivitet Solund – juli 2022 – juli 2023, totalt 220 oppdrag og 11.463 km.

Solund		Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	juli
	Oppdrag	27	14	23	16	16	19	19	9	18	25	23	11	19
	KM	1446	780	944	821	928	864	1358	475	839	1261	1302	445	986

Aktivitet Florø – juli 2022 – juli 2023, totalt 308 oppdrag og 14.007 km.

Florø		Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	juli
	Oppdrag	37	19	21	31	24	26	29	25	14	26	25	31	23
	KM	1728	840	1095	1489	1086	1354	844	971	856	1273	1031	1440	838

Ekstraferje Askvoll – Gjervik, mai 2022 – juli 2023 – 19 oppdrag

	Mai	Juni	Juli	August	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	juli
Oppdrag	2	4	0	1	2	1	0	2	1	0	1	4	0	0	1